V Å G Å F J E L L S T Y R E M Ø T E B O K

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
	Knut Øyjordet	05.10.18	26/18

SØKNAD OM OPPSETTING AV VEGBOM TIL HYTTER PÅ RUSSTANGEN

Saksdokument:
Søknad frå Arve Bjørnar Aasbakk av 14.08.18, sendt som e-post til Statskog.

Saksutgreiing:
Arve Bjørnar Aasbakk har søkt Statskog om å setje opp ein bom etter ein hytteveg på Russtangen. Han skriv i søknaden:
Vi er tre hytteeiere som har hytter like ved Russa i Sjodalen. Veien inn til hyttene går opp til høyre ca. 70-80 meter etter at du har kjørt over Russa bru. Vi ønsker å sette opp en veibom på innkjøringen (ca. 60 meter innover fra riksvei 15) for om mulig å indre innbrudd/hærverk på hyttene. Vi har registrert at det har vært flere innbrudd i hytter i Sjodalen i det siste. Bommen vil bli låst med kodelås, og de som har behov vil få tilgang til koden slik at de kan komme gjennom bommen. Det blir en enkel og lett bom som vi selv setter opp. Vi har registrert at det er flere slike bommer bortover gamle Griningsdalsvei til hytter der, og likeledes oppover Russvegen, så vi håper Statskog/fjellstyre ser positivt på vår søknad.

Vurdering:
Vi veit at det er mange hyttefestarar som har tatt seg til rette og sett opp bom utan å søkje, og som det ikkje har vorte reagert på. Spørsmål om ei ”opprydding” av bommar etter hyttevegar har fjellstyret tatt opp med Statskog i fleire samanhengar. I ein liknande søknad i 2009, gav fjellstyret følgjande uttale til Statskog (sak 36/09):

Fjellstyret meiner at søknaden om å kunne stenge den gamle Sjodalsvegen ved Grjotåa fram til dei to hyttene i området for å beskytte seg mot hytteinnbrot, reiser eit prinsipielt spørsmål om stenging av hyttevegar i statsallmenning generelt. Vågå fjellstyre har gjennom mange år oppfordra Statskog om å ta ein gjennomgang av alle slike oppsette bommar i Langmorkje statsallmenning. Fjellstyret meiner det er svært uheldig at dette arbeidet ikkje blir gjort, fordi mange hyttefestarar set opp bom utan å søkje om det og utan at det blir reagert. Fjellstyret ber difor endå ein gong Statskog om å få fortgang i dette arbeidet. Inntil Statskog får tatt ein slik gjennomgang, meiner fjellstyret at det ikkje må bli gjeve noko løyve til bomming av hyttevegar, inkludert søknaden om stenging av den gamle Sjodalsvegen ved Grjotåe.

Når det gjeld bomming av hyttevegar generelt, meiner fjellstyret at det kan vera uheldig av fleire grunnar, m.a. både visuelt, i forhold til utøving av friluftsliv og av beredskapsmessige omsyn. Fjellstyret har likevel forståing for at hyttefestarar vil verne seg mot hytteinnbrot. Men frykt for innbrot må ikkje åleine bli eit argument for å gje løyve til oppsetting av bom.

I denne saka bør fjellstyret vise til tidlegare behandling i liknande sak. Vi får tru at Statskog prioriterer å følgje opp dette med vegbommar til hytter, og at det blir tatt ein gjennomgang for

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

heile Langmorkje statsallmenning og med vidare oppfølging. Det vil vera naturleg for fjellstyret å hjelpe til i kartlegginga av slike vegbommar.

Innstilling til vedtak:
I søknaden frå Arve Bjørnar Aasbakk om å kunne sette opp ein vegbom i innkjøringa til tre hytter på Russtangen, viser fjellstyret til vedtaket i sak 36/09 i ei liknande sak. Fjellstyret ber Statskog på nytt om å følgje opp dette med vegbommar til hytter, og at det blir tatt ein gjennomgang for heile Langmorkje statsallmenning. Fjellstyret kan gjerne hjelpe til i kartlegginga av vegbommar. Så sant det ikkje er heilt spesielle grunnar for det, så meiner fjellstyret generelt at slike bommar bør bli kravd fjerna.

Vedtak:
Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:
Statskog

Vågåmo, 05.10.18

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no